



Kjell Werner Johansen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/708 - 17/6009

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

27.03.2017

## Godkjenning - feie-/tilsynsgebyr for eigedomen gbnr 25/106

**Administrativt vedtak. Saknr: 87/2017**

### Saksutgreiing:

Det er i skriv, dagsett 23.03.2017, søkt om attendebetaling av feie-/tilsynsgebyret for 2014, 2015 og 2016, for eigedomen gbnr 25/106. Søknaden er grunngjeven med at skorstein vart forseгла på toppen med ei faststøppl plate allereie i 2013. Eigedomen fekk fritak frå feie-/tilsynsgebyr frå 01.01.2017 i sak DNT.85/2017.

### Vurdering:

Søkjjar har i telefonsamtale opplyst at motteke skriv av 21.03.2017, som var grunnlag for fritak frå feie-/tilsynsgebyret i sak DNT.85/2017, også var meint som søknad om attendebetaling .

Attendebetaling av feie-/tilsynsgebyret er ikkje heimla i noko forskrift eller regelverk. Vanleg praksis har vore at det etter søknad vert gjeve fritak for max. 3 år.

Administrasjonen har per telefon vore i kontakt med feiaren i Lindås og Meland som har stadfesta søkjjar sine opplysningar.

Administrasjonen tilrår at det vert gjeve attendebetaling for 2014, 2015 og 2016.

### Vedtak

«Meland kommune godkjenner at det vert gjeve attendebetaling av innbetalt feie-/tilsynsgebyr, for 2014, 2015 og 2016 (481,25+487,50+487,50) med kr 1 456,25.

Det vert vist til skriv dagsett 21.03.2017 og 23.03.2017 og vurderinga ovanfor.»

### Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Kjell Werner Johansen